



Til ordførar og gruppeleiarane i Meland kommune

Skolebruksplanen for 2017 - 2030 er lagt ut på høyring med frist 01.07. Den skisserer store endringar for dei vidaregåande skulane i vår region, Knarvik og Austrheim. Utgangspunkt for vurderte endringar er m.a. elevtalsutvikling, regional plan for "attraktive senter" og reisetidsanalyse, der kriterium er at elevar ikkje skal ha meir enn ein times reiseveg til skulen. Likevel er det foreslått at Austrheim vgs vert lagt ned i 2020, og at Knarvik si yrkesfagavdeling vert delvis avvikla.

Knarvik er eit "attraktivt senter" ifølgje planen. Å byggja ned tilbodet ved Knarvik vgs, vil medføra at ungdommane i vår region blir tvungne til å søkja skuleplass andre stader. Regionhovudstaden vår vil dermed ikkje framstå som verken eit attraktivt eller reelt alternativ.

Austrheim vgs er eit framifrå eksempel på samarbeid mellom skule og næringsliv. Lærlingplassar i nærområdet er avgjerande for både å sikra ungdommane ei fullverdige utdanning og moglegheit for ei framtid nær heimstaden.

Vi oppmodar alle gode krefter til å vera med og sikra det vidaregåande skuletilbodet i Nordhordland! Dette er ein region i vekst, og elevtalsprognosen skolebruksplanen legg til grunn, kan vi ikkje sjå rimar med tal frå SSB.

Adolf Hovgaard

Lokallagsleiar i Utdanningsforbundet Meland